



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 01.11.2022
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 13:30 – 15.00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
82/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
83/2022	Vedtekter for Vaksdal næringssselskap

26. oktober 2022

Hege Eide Vik
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
82/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.11.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen		22/1266

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
83/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.11.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen		22/1263

Vedtekter for Vaksdal næringssselskap

Vedlegg:

Forslag til vedtekter for Vaksdal næringssselskap (003)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren innstiller på at vedlagte vedtekter blir gjeldane for Vakdal Næringssselskap frå den dato vedtektene er politisk handsama og, etter prosess, formelt vedteke.

Bakgrunn for saka

Det skal lysast etter og ansetjast ny dagleg leiar i Vaksdal næringssselskap. I samband med den prosessen vil ein nytte høvet til å gå gjennom dei overordna vedtektene for selskapet. Framlegg til nye vedtekter fylgjer denne saka. Dei nye vedtektene er endra slik at dei støtter overordna føringar og mål i kommunen.

Når vedtektene ligg føre vil ordførar kalle inn til ekstraordinær generalforsamling. Etter generalforsamling vil det sitjande styret ta tak i prosessen med å finne ny dagleg leiar. Samstundes må det arbeidast med å konkretisere overordna føringar i Strategisk næringsplan. Men skal ein kome vidare i prosessen må det først fattas vedtak om vedtekter for selskapet. I prosess etter vedtekter føreligg må styrehonorar, etiske retningslinjer og retning for det daglege arbeidet i næringssselskapet utformast. Dette ligg til styret, i samhandling med største eigar, å få på plass dette slik at selskapet så raskt som mogeleg kan vere eit operativt næringssselskap..

VAKSDAL NÆRINGSSKAP AS

VEDTEKTER

§ 1

Selskapet sitt namn er Vaksdal Næringssselskap AS.

§ 2

Selskapet sitt forretningskontor er i Vaksdal kommune.

§ 3

Selskapet sitt formål er å fremje næringsutvikling i Vaksdal kommune gjennom å utvikle eksisterande verksemder og næringsressursar. Vidare vere pådrivar for å skape ny verksemd innafor rammer av, til ei kvar tid gjeldande, overordna planar i Vaksdal kommune. Selskapet skal og førestå rådgjeving til etablert næringsliv og vere pådrivar i samband med etablering av nye verksemder.

Selskapet sitt mål skal vere i samsvar med målsettinga nedfelt i kommunen sin strategiske næringsplan.

Selskapet skal drivast på ein ikkje-kommersiell basis.

§4

Selskapet sin aksjekapital er kr 891.00,00 – åttehundreogtjueintusen kroner – fordelt på 891 aksjar à kr 1.000,00 – eittusen kroner –, fullt innbetalt og lydande på namn.

Vaksdal kommune skal eige minst 51% av aksjane.

§5

Overdraging av aksjar føreset styret sitt samtykkje.

Ved overdraging av aksjar har dei andre aksjonærene forkjøpsrett i det same forhold som den tidlegare aksjeeigar.

Ved bruk av forkjøpsrett skal pris ved overdraging vere lik pålydande for aksjane.

Den som ønskjer å overdra sine aksjar skal skriftleg melde frå om dette til styreleiar, som set ein frist på 14 dagar for dei andre aksjonærene til å gje melding om dei vil gjera forkjøpsretten gjeldande. Overdragingsbeløpet må erleggast innan 14 dagar etter at forkjøpsretten er tildelt.

Ved ev. avviking av aksjeeigar sitt selskap, der aksjane i Vaksdal Næringssselskap AS ikkje er overdratt eller seld til andre, vert aksjane vederlagsfritt overført til Vaksdal Næringssselskap AS og oppført aksjonærprotokollen i samsvar med slik overføring.

§6

Det skal ikkje utbetalast utbytte til aksjonærane. Eventuelt overskot skal avsetjast til vidare realisering av selskapet sitt formål.

Ved eventuell likvidasjon av selskapet skal netto aktiva avsetjast til formål som fremmar næringsutvikling i Vaksdal kommune etter nærmare føresegn av generalforsamlinga.

§7

Selskapet sitt styre skal ha 5 medlemar med 2 faste vararepresentantar. Det skal vere kjønnsbalanse blant styremedlemar og vararepresentantar og kvart kjønn skal ha minimum to representantar.

Styret er høgste myndigheit mellom årsmøta.

Styret skal halde møte når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemene forlanger dette.

Styret skal:

- Setje i verk årsmøtet sine føresegn
- Utnemne eventuelle komitear, utval eller personar som skal gjere spesielle oppgåver, og utarbeida instruks for desse
- Administrere og føre nødvendig kontroll med at selskapet sin økonomi er i samsvar med gjeldande instruksar og føresegn
- Utarbeide og revidere etiske retningslinjer for selskapsdrifta
- Halde jamlege eigarmøte for å medverke til god kjennskap og dialog med selskapet
- Årleg presentere selskapet for kommunestyret.

Styret kan fatta vedtak når eit fleirtal av medlemene i styret er til stades. Vedtak gjerast med fleirtal av stemmane. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbelstemme.

Vaksdal kommune har rett til at 2 styremedlemar med 1 vararepresentant skal veljast som representantar frå kommunen.

Representantar til styret frå næringslivet, inkludert styreleiar, vert vald for 2 år.

Styrerepresentantar registrerast i KS styrevervregister.

§8

Styreleiar saman med eit styremedlem teiknar selskapet sitt firma. Styret kan melda prokura. Styret tilset og avset dagleg leiar.

§9

Ordinær generalforsamling skal holdast i Vaksdal kvart år innan juni månad, og med minst 14 dagars skriftleg varsel til aksjonærane.

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande behandlast:

- a) Årsrekneskap med årsmelding og fastsetting av resultatrekneskap og balanse.
- b) Bruk av overskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balansen.
- c) Val av styre, medrekna val av leiar og nestleiar, samt fastsetting av godtgjersle til styret.
- d) Val av revisor og fastsetting av revisor sitt honorar.
- e) Andre saker som i samsvar med lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

§ 10

Valkomiteen skal ha 3 medlemmar og vere samansett av eigarrepresentantar med 2 representantar frå kommunen og 1 representant frå næringslivet.

Vaksdal kommune sitt valutval skal velgje valnemd for 4 år. Valet skal gjennomførast kvart fjerde år, føl kommuneval.

Valkomiteen skal førebu komande års val, medrekna å innstille på val av leiar og nestleiar i styret. Innstillinga skal grunngjevast.

§11

Representantar i styret kan ikkje delta i behandlinga av ei sak der vedkommande:

- 1) sjølv er part i saka
- 2) er styremedlem i, eigar av eller har leiande stilling i verksemd som er part i saka
- 3) av andre årsaker har ei særskild økonomisk interesse i utfallet av saka.

Medleмен skal òg fråtre behandlinga når det gjeld andre særeigne forhold som er eigna til å svekka tilliten til at vedkommande er upartisk.

§ 12

Dessutan vert det vist til den til kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.